

## **Strategi for e-sport og gaming i Vestland 2023 – 2024**

Strategien bygger på Utviklingsplan for Vestland 2020–2024, og er særleg retta inn mot mål 3. Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv og 4. Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Strategien er bygd opp rundt ulike tematiske aksjonspunkt, og tek utgangspunkt i kunnskapsgrunnlaget som er utarbeidd knytt til saka. Det er formulert eit hovudmål, tre delmål og ei rekkje strategiske aksjonspunkt under kvart delmål. Det vil vidare bli utarbeidd konkrete tiltak knytt til aksjonspunkta i samband med dei ulike avdelingane og årsplanar.

### **Hovudmål:**

Vestland fylkeskommune skal vere ein tilretteleggjar og kunnskapsressurs for e-sport og gaming i Vestland, med utgangspunkt i prinsippet om ei armlengdes avstand.

### **1. Hindre utanforskap og sikre sosial berekraft**

- a) Legge til rette for deltaking og inkludering.
- b) Oppmode til å ta omsyn til areal for e-sport i romprogram for framtidige og eksisterande kommunale og fylkeskommunale bygg.
- c) Tilpasse og vidareutvikle eksisterande tilskotsordningar som verkemiddel for deltaking og oppstart av tilbod.
- d) Bidra til at prinsippa om fair play, ikkje-diskriminering, likestilling og elles gode haldningar skal fremjast i e-sport og gaming.
- e) Motverke negative folkehelseutfordringar og fokusere på å styrke barn og unge si fysiske og psykiske helse.

### **2. Utvikle tilbod i breidde, topp og som del av vidaregåande opplæring**

- a) Samarbeide med relevante aktørar for å utvikle organisert tilbod i kommunar og idrettslag.
- b) Vidareutvikle tilbodet i dei vidaregåande skulane i samarbeid med relevante aktørar.
- c) Samhandle med relevante aktørar for å legge til rette for utvikling av dataspel som sjølvstendig kulturuttrykk, kunstform, næring og fritidsaktivitet, i tråd med nasjonal strategi «Spillerom» som gjeld i perioden 2020-2022.
- d) Legge til rette for små og store e-sportarrangement i Vestland.
- e) Legge til rette for utvikling av topputøvarar i Vestland.

### **3. Sikre kompetanse og utvikling**

- a) Samarbeide med relevante aktørar for å sikre nødvendig kompetanse i breiddeaktivitet gjennom kurs og t.d. nettressursar som Aktivegamere.no
- b) Samarbeide i relevante nettverk for å sikre god organisering av e-sport og gaming i Vestland og Noreg, som vil bidra til å auke deltaking og rekruttering til frivillige lag og organisasjonar.
- c) Legge til rette for kunnskapsdeling og etablering av samarbeidsforum/nettverk som kan vere med å utvikle og utvide tilbod om e-sport i opplæringa.
- d) Legge til rette for dataspel som kunst og kulturuttrykk på etablerte møteplassar.
- e) Oppretthalde god dialog mellom lokale- og regionale lag og organisasjonar, Idrettsforbundet og fylkeskommunane.